

Vedtekter for Lesja ungdomsråd (Vedtatt av Hovudutval for Oppvekst 08.02.00 med seinare endringar 14.01.02, 25.10.02, 29.01.13 og 19.04.2021)

§ 1. Rådets namn er Lesja ungdomsråd

§ 2. Ungdomsrådets formål er:

- Å vera kommunens rådgjevar i ungdomspolitiske spørsmål (høyringsorgan)
- Å gje ungdom moglegheit til å medverke i behandling av saker som angår dei sjølve
- Å ta opp saker og komme med uttaler til Lesja kommunes utval, formannskap og kommunestyre i spørsmål som gjeld barn og ungdom
- Å ta initiativ til og gjennomføre arrangement for ungdom i kommunen
- Vera styrande organ for ungdomsklubb i Lesja om slik finst
- Støtte ungdomsklubbtiltak, for ungdom av ungdom, frå eige budsjett
- Gje tilskot i enkeltsaker som ungdomsrådet bestemmer, frå eige budsjett. Søknadsfrist til ungdomsrådet er i april.
- Vera samordnande organ for ungdomsorganisasjonane i Lesja

§ 3. Kommunestyret og underliggende utval og organ skal høyre ungdomsrådet i alle vesentlege spørsmål som er omtalt i § 2. Sakspapir skal sendast til ungdomsrådets leiar og nestleiar. Sakliste skal sendast til resten av representantane i ungdomsrådet. Leiar bestemmer tidspunkt for møta i samarbeid med sekretær for ungdomsrådet.

Ved kvart kommunestyreval skal det utnemnast ein politisk representant frå livsløpsstyret som skal møte fast i ungdomsrådet i perioden. Den politiske representanten skal sikre kontakt, kunnskap og informasjonsflyt mellom ungdomsråd og kommunestyre.

§ 4. Ungdomsrådet er eit partipolitisk uavhengig organ.

§ 5. Som representant til ungdomsrådet kan det veljast personar som er mellom 13 og 18 år og som er busett i Lesja kommune, eller som går i grunnskulen i Lesja kommune. Ungdom skal på valtidspunktet ikkje ha fylt 19 år.

§ 6. Ungdomsrådet består av seks representantar med seks personlege vara:

Fire representantar og fire vararepresentantar frå Lesja skule, ungdomstrinnet

To representantar og to vararepresentantar frå vidaregåande skule

Det bør vere jamn fordeling av representantar frå dei to skulekretsane og jamn kjønnsfordeling i rådet.

§ 7. Representantane i Ungdomsrådet skal ha valperiode på eit år med moglegheit for attval.

- § 8. Kommunestyret får forslag til valbare kandidatar til ungdomsrådet før 1. oktober kvart år. Kommunestyret føretek val av representantane til ungdomsrådet før 1. november. Ungdomsrådet konstituerer seg sjølv på første møte ved å velje leiar og nestleiar for eit år.

Ungdomsrådet fastset sjølv sitt arbeidsprogram i samarbeid med Lesja kommune. Ved val og avstemming gjeld alminneleg stemmefleirtal. Ungdomsrådet er vedtaksdyktig når minst tre representantar er til stades, og der ein av dei frammøtte enten er leiar eller nestleiar.

- § 9. Lesja kommune skal ha ein fast koordinatorfunksjon for rådet. Koordinatoren skal vera bindeledd mellom ungdomsrådet og administrasjonen, politiske utval, formannskapet og kommunestyret. Koordinatoren skal også vere budsjett- og rekneskapsansvarleg for rådet.

- § 10. Ungdomsrådet skal ha om lag 7-12 møter i løpet av året, tilpassa møta i livsløpsstyret og kommunestyret. Ungdomsrådet kan danne arbeidsutval som har møte oftare.

Ungdomsrådet gjer vedtak eller driv med planlegging i møta. Innkalling til møte skal skje minst ei veke før møte. Koordinator er ansvarleg for innkalling og utsending av sakspapir til møta.

Møta kan vere på dagtid i skuletida. Lesja kommune stiller med møtelokale. Kommunen må ordne det slik at deltaking i møte blir ført som gyldig fråvær.

Ungdomsrådet skal ha arbeidsform og metode som gir så mange som mogeleg sjanse til å seie si meining.

Ungdomsrådet utarbeidar og legg fram ei årsmelding for kommunestyret i juni kvart år.

- § 11. Lesja kommune set kvart år av eit beløp på budsjettet som skal gå til ungdomsrådets interne drift. Det skal også settast av midlar som ungdomsrådet kan bruke som straksmidlar til eigne tiltak. Ungdomsrådet kan fremje forslag til budsjett.

Ungdomsrådet disponerer dei kommunale midlane i samsvar med dei retningslinene som gjeld for løyvingar.

Ungdomsrådet kan skaffe seg eigne inntekter.

Ungdomsrådets rekneskap følgjer kalenderåret. Rekneskapen skal reviderast av revisor gjennom Lesja kommune.

- § 12. Ungdomsrådets leiar og nestleiar har møte og talerett i kommunestyret, formannskapet, livsløpsstyret og tilsvarande utval, samt elevråda på Lesja og Lesjaskog skular. Møte- og talerett er gjensidig og det kan utvekslast saklister og møtereferat.

- § 13. Endringar i vedtektene for ungdomsrådet skal behandlast i ungdomsrådet og vedtaket skal ha minst 2/3 fleirtal. Endringsforslaget skal så opp til endeleg avgjerd i kommunestyret.

- § 14. Vedtektene gjeld frå og med den 08.02.00, med endringar vedtatt 14.01.02, 25.10.02, 29.01.13 og 19.04.2021